

IKT-situasjonen på SAUS

Vi har hatt fleire større oppgraderingar av IKT-systema hausten 2010. Alle lærarar vart knytte til internsona i Valdres, og fekk nye e-postadresser. Litt seinare var det elevane sin tur; dei vart knytt til internsona på eit eige område.

Folk frå IKT-Valdres la inn ny oppkopling på maskinene, men fjerna ikkje dei gamle snarvegane, så det tok ei tid før alle elevane følgde rett innloggingsprosedyre.

Det var dessutan slik at mange maksinar hadde det ”nedlagte” nettverket som standard pålogging – og elevane kom ikkje på før denne standarden vart endra.

Det største problemet var likevel ein heilt utilstrekkeleg kapasitet, nettverket var håplaust tregt, slik at elevane anten ikkje kom inn, eller vart kasta ut att.

Samstundes vart det oppdaga og retta feil i systemet internt på skolen (switchar, aksesspunkt, nettverksledning) som gjorde det vanskeleg å avgjere om problemet låg i servertilknyttinga, feil i skolens utstyr, brukarfeil..... Mange feilkjelder, altså.

Noko før årsskiftet vart nettverkskapasiteten auka. Eidsiva tidobla bandbreidda, vart det sagt. Grunna begrensingar i brannmuren vart effekten berre ei dobling, men dette hjelpte godt. For eit par veker sidan vart brannmurløysinga (på Tingvoll?) skifta, og dermed følgde ei rekkje uforutsette problem med innlogging og kapasitet i nettverket.

No har vi (i går) fått melding om at serverfeil er retta, og at systemet fungerer bra, og vi håpar det vil vare...

Skolen har mykje gamalt utstyr. Avtalen med IKT-Valdres inneber at dette skal skiftast ut. Eg har fått vite i dag at SAUS skal få skifte ut 47 maskinar til skolestart i august. (Framlegg til vedtak for styret i IKT-Valdres). Det inneber at skolen vår truleg må låne maskinar til avvikling av skriftleg eksamen i mai. Dei eldste maskinane våre er ikkje stabile nok.

Oppsummert må eg vel seie at hyppige nettverksproblem i kombinasjon med gamalt utstyr med tilsvarande feilfrekvens ikkje gjer pc-bruk lettare.

Likevel har lærarane teke verktøyet i bruk, og takla problema som har oppstått. Vi ser likevel fram til at skolen skal få oppgradert utstyr og eit stabilt nettverk med god kapasitet. Det vil gjere terskelen for bruk av utstyret lågare, og truleg auke bruken.

Etter utskiftinga vil skolen disponere ca. 50 berbare pcar til elevane. Det er ikkje fleire enn vi har no, men det vil gjere ein stor skilnad: I dag er ca 25 pcar så gamle at dei ikkje kan takle dei krava vi må setje til utstyret. Når dei blir skifta ut, vil den reelle maskintettleiken auke vesentleg.